



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

18/2269-11

Vår dato: 07.12.2018

Vår ref.: 2018/11773

Arkivnr.: 432.2

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Dispensasjon til vedlikehold/klipping av vassvegetasjon langs elvelaupa i utlaupsosen av Søndre Frøylandsvatnet landskapsvern- og fuglefredingsområde, Time kommune

Fylkesmannen gir dispensasjon til klipping/opprensning av vass- og sumpvegetasjon i utlaupsosen av Søndre Frøylandsvatnet landskapsvern og fuglefredingsområde for å redusere/unngå vasskadar ved flaum og opphopping av vatn.

Vi viser til søknad av 30.11.2018 kor Time kommune søker om løyve til utføring av arbeid med fjerning av vegetasjon som veks i hovudlaupa frå Frøylandsvatnet. Det er lagt ved kart som viser det aktuelle området kor ein ynskjer å fjerne vegetasjon for å oppnå auka vassgjennomstrøyming. Kommunen vil leige inn ekstern aktør med spesialbåt med desinfisert utstyr, for klipping av vassvegetasjon. Det vil berre bli utført klipping i hovudlaupa, ikkje graving eller muddring. Avkutta vegetasjon vert samla og fjerna fortløpande. Den praktiske gjennomføringa av denne operasjonen vil avklarast seinare. Gjennomføringa er satt til månadsskifte februar/mars 2019.

Heimelsgrunnlag

Søndre Frøyland landskapsvern og fuglefredingsområde blei verna etter naturvernlova ved kongeleg resolusjon 30.06.1978. Naturvernlova er erstatta av naturmangfaldlova av 19.06.2009 og § 48 gjeld framfor den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. Vidare skal rettsprinsippa i §§ 8 -12 leggst til grunn ved ein konkret vurdering av konsekvensane av omsøkte tiltak. Fylkesmannen er satt til å forvalte verneområdet (pkt. VIII).

I følgje verneforskrifta pkt. III er føremålet med vern av landskap, fugleliv og biotop er å bevare eit vakkert og eigenarta landskapsbilete med Tangen som eit dominerande og geologisk verdifullt element, og samstundes verne om førekomstane av trekkande, overvintrande og hekkande fugl i området.

I verneforskrifta pkt. IV-1 heiter det at alle fugleartar, herunder fuglane sine reir, egg og ungar, er freda heile året mot jakt, fangst, skade og unødige uro.

I pkt. IV-2 heiter det at *inngrep eller tiltak i siv-, mark-, og trevegetasjon som i vesentleg grad kan skade eller ødeleggje livsvilkåra for fuglelivet og som ikkje følgjer av vanleg ferdsel eller skjer i medhald av pkt. IV-3, pkt. V-3 og pkt. VII ikkje er tillate.*

I pkt. IV-3 siste ledd: Oppreinsking av elveutlaupet krev samtykke frå forvaltingsstyresmakta.

I pkt. V-2 : Inngrep som kan endre vassnivået er ikkje tillate.

I pkt. V-3: Motorisert ferdsle på Litlavatnet er forbode, med unntak av ferdsel i samband med ambulanse-, brannvern-, politi-, oppsyns- og skjøtselsverksemd.

Dispensasjonsheimelen er etter § 48 i naturmangfaldlova (NML). Tiltaket må ikkje vera i strid med føremålet med vernet, eller påverke verneverdiane nemneverdig. Begge vilkåra må være oppfylt for å kunne gje dispensasjon.

Vurdering

Oppreinsking av elvelaupet med motorisert spesialbåt for klipping av vassvegetasjon kjem i strid med verneforskrifta og krev løyve frå forvaltingsstyresmakta.

§ 8. (kunnskapsgrunnlaget)

Søndre Frøylandsvatnet er eit av våre tidlege verneområde, som ligg bynært, og kor det er behov for revisjon av forskrift og vernegrenser. Time kommune har utarbeidd ein førebels skjøtselsplan som vil inngå i ein framtidig forvaltingsplan. Kunnskapen om fuglelivet og verneverdiane er relativt god. Deler av verneområdet fungerer som eit parkområde for Bryne sentrum og er mykje besøkt. Det er derfor viktig at fuglane finner skjul og ro andre stader innanfor verneområdet. Utlauptosen er dominert av takrøyrsump, og området her er spesielt viktig i høve hekkande kjerrsongarar og vassfugl og utgjer ein viktig buffersone i høve fuglelivet.

Vatnet er næringsrikt og grunt, og vassvegetasjonen er i ekspansjon. Dårlegare gjennomstrøyming grunna i tilvekst av vassvegetasjon, gjer at vatnet stig og skapar flaumproblem andre stader ved vatnet i periodar med stor nedbør.

§ 9. (føre-var-prinsippet)

Prinsippet skal nyttast i tilfelle der det kan vera tvil om konsekvensane for miljø og verneverdiar. Søknaden om vegetasjonsfjerning skyldast førebygging for å betre gjennomstrøyminga for å redusere flaumskadar. Eit tiltak som omsøkt i og langs eksisterande elvelaup vil truleg ha minimal negativ verknad i høve fuglelivet, under føresetnad av at tiltaket vert gjennomført i månadsskifte februar/mars.

§ 10. (økosystemtilnærming og samla belastning)

Omsøkt tiltak er etter måten avgrensa i omfang. Gitt nærleiken til Bryne sentrum og mykje ferdsel i verneområdet, er det særskild viktig å skjerme dei nasjonale fugleverdiane så langt som råd. Den samla belastninga (forstyrning, næringsforureining) er etter vårt syn stadvis klart over den økologiske toleransgrensa. Då takrøyr er ein ekspansiv art som skapar problem, vil ein reduksjon i utlausposen som omsøkt måtte vurderast som skjøtsel. Eit avgrensa tiltak som omsøkt utanom den mest sårbare tida, vil såleis vera akseptabelt. Opne laup i takrøyrskogen vil samstundes kunne vere positivt for vassfugl.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar)

Time kommune er ansvarleg for at gjennomføringa skjer på ein måte som ikkje er til skade for verneområdet, og at entreprenør for gjennomføring held seg innanfor omsøkte kartavgrensing.

§ 12. (miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder)

Det er opplyst om at den praktiske gjennomføringa med å samle og fjerne avkutta vegetasjon vil bli avklart seinare. Det er viktig at dette vert gjort på ein måte som ikkje øydelegg naturleg kantvegetasjon av buskar og tre, eller skjer på ein måte som setter varige spor.

Gjennomføringstidspunktet i månadsskifte februar/mars er gunstig i høve sårbart fugleliv.

Dersom båt og utstyr som skal nyttast har vore brukt i vassdrag nyleg, generelt og spesielt i vassdrag med vassplanten vasspest, må kommunen sjå til at utstyret er skikkeleg reingjort/stima før bruk i nytt vassdrag, for å unngå spreiding. Sjølv små (under cm lengd) plantefragment kan vera nok til å spreia vasspest til vassdraget.

Konklusjon

Grunna tilvekst av takrøyr i utlaupsosen, auka nedbørsmengd/ekstremvær og flaumfare, finn Fylkesmannen å kunne gje løyve til omsøkte skjøtsel i form av klipping/oppreinsking av takrøyr og anna vassvegetasjon langs utlaupselva som vist på kart i søknad. Ein fjerning av vassvegetasjon langs hovudlaupet som omsøkt vil først og fremst vera med å regulere flaumvasstanden, då det er regulierbar terskel i vest. Oppreinskinga kan sjåast på som skjøtsel, og tiltaket vil truleg ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller koma i strid med føremålet med vernet. Då begge vilkåra for dispensasjonen etter naturmangfaldslova § 48 er oppfylt, finn Fylkesmannen i Rogaland å kunne gje dispensasjon frå verneforskrifta §§ IV-1 og IV-2 til omsøkte tiltak, jf. §§ IV-3, V-3 i verneforskrifta, og § 48 i naturmangfaldlova. Det er knytt følgjande vilkår til dispensasjonen:

- Dispensasjonen gjeld i høve verneforskrifta for Søndre Frøylandsvatnet landskapsvern- og fuglefredingsområde. Eventuelle andre privatrettslege tilhøve må kommunen avklare i høve aktuelle grunneigarar.
- Entreprenør har eit eigeansvar, og skal gjerast kjent med at området er verna og vilkåra i denne dispensasjonen.
- Ein må sørgje for at maskinane som skal nyttast er skikkeleg reingjort før bruk, for å unngå spreiding av uønskt vekst som til dømes vasspest.
- Oppreinska massar skal fraktast ut av verneområdet, og arbeidet med dette må ikkje øydelegge kantvegetasjon eller sette varige spor.
- Det skal gis tilbake melding til Fylkesmannen etter at arbeidet er gjennomført.

Dette vedtaket kan klagast til Miljødirektoratet, postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim, innan 3 veker frå mottak. Ein eventuell klage skal sendast om Fylkesmannen i Rogaland for uttale.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvern sjef

John Inge Johnsen
naturvern konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: John Inge Johnsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 09
E-post: fmrojij@fylkesmannen.no

